



Arne Hindenes sitt dødsbu v/ Ove Bjarne Hindenes
Hindenesvegen 801
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2504 - 18/13349

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.04.2018

Avvist søknad om frådelling av naustparsell - gbnr 20/2, 20/3, 20/5 og 20/66 Hindenes indre


Administrativt vedtak. Saknr: 187/18

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om oppretting av ny naustparsell frå sameiget gbnr 20/2, 20/3, 20/5 og 20/6.

Utsnitt av situasjonsplanen



Det vert vist til søknad motteken 21.08.2017

Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Oppretting av nausttomt i området er i strid med gjeldande arealføremål og det generelle byggjeforbodet innanfor 100-metersbeltet langs sjø, jf plan- og bygningslova § 1-8. Tiltaket krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon for begge desse forholda før sjølve delingsøknaden kan handsamast.

Nabovarsling

Før søknad vert send kommunen skal naboar og gjenbuarar varslast. Det er ikkje dokumentert at nabo er varsla ved signatur på kvitteringslista, innsending av kvittering eller posten sitt stempel ved rekommandert sending.

Situasjonskart

Parsellen er ikkje målsatt og storleiken er ikkje oppgitt.

Tilkomst og parkering

Det er ikkje gjort greie for tilkomst og parkering.

VURDERING:

Omsøkt frådeling er ikkje i samsvar med gjeldande plangrunnlag og det er ikkje søkt om dispensasjon. Situasjonsplanen er mangelfull og nabovarslinga ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Kommunen har ikkje mottatt etterspurd tilleggsdokumentasjon, jf våre skriv datert 28.09.2017 og 05.03.2018.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at søknaden kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4. Søknaden vert avvist.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om oppretting av ny naustparsell frå sameiget gbnr 20/2, 20/3, 20/5 og 20/6 avvist. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom de søker på nytt må de leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Hindesnes sitt dødsbu v/ Ove	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
Bjarne Hindenes	801		
Marius Hindenes	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
	797		
Ove Bjarne Hindenes	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
	801		
Sander Hindenes	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
	795		